



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
22.04.2014
Dykkar dato
31.03.2014

Vår referanse
2014/2733 732.0
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Melding om tilskot til etablering og utvikling av frisklivssentralar 2014

Vi viser til søknad om tilskot til etablering av frisklivssentral i Lindås kommune av 31.03.2014.

Vedtak

Fylkesmannen gir med dette eit tilskot på kr. 100 000,- til etablering av frisklivssentral over kapittel 762.60 på statsbudsjettet for 2014. Vi minner om at frisklivssentralen er ein del av kommunens helse- og sosialteneste og skal vere politisk forankra og innarbeidd i planane til kommunen.

Klagerett

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Bruk av midlane

Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som er omtala i dette brevet. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast attende til Fylkesmannen. Feil bruk og mislighald av tilskotet vil kunne føre til rettslege tiltak. [Les meir om krav til etablering og drift på nettsida til Helsedirektoratet.](#)

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når

- Fylkesmannen har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot.
- Fylkesmannen har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand. Sjå siste sida i dette brevet.

Meld frå om endringar

Fylkesmannen må får skriftleg melding snarast mogleg om endringar i adresse, kontonummer og kontaktperson.

Ubrukte midlar

Tilskotet skal brukast dette budsjett- og kalenderåret. Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- Betal heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer 7694 05 01098, merkt med kapittel, post og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette.
- Ubrukte midlar blir trekte frå neste års tildeling dersom prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. For å kunne vidareføre tilskotet må de søkje om tilskot på nytt.
- Søknadsbeløpet må inkludere både ubrukt og nytt tilskot.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

Rapporteringsfrist

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen seinast innan 1. april neste år. For prosjekt og aktivitetar som går over fleire år, skal det sendast rapport for kvart år det blir gitt tilskot for.

Rekneskapsrapportering

Det skal først separat rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal vise kva utgifter som er dekte av tilskotet, og skal vere skilt frå rekneskap for egne midlar og/eller midlar frå andre. Rapport med rekneskap per 31.12.2014 skal sendast til Fylkesmannen innan 1. april 2015. Rekneskap for tilskot på kr. 100 000,- må vere revisorattestert.

Kommunen må søkje om tilskot for kvart år. Utlysinga blir publisert på www.fmho.no. Skriv saksnummeret vårt på all brevveksling.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til postmottak@fmho.no snarast, så overfører vi pengane etter det.

Med helsing

Anne Grete Robøle e.f.
seksjonsleiar

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesmannens referanse: 2014/2733

Stadfesting av mottatt tilskot til etablering og utvikling av frisklivssentral

Organisasjonsnummer:

Kontonummer for innbetaling:

(NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast få melding om endringa.)

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg:

--	--	--

Innvilga tilskot på kr. 100 000,- over statsbudsjettets kapittel 0762.60 for budsjettåret 2014 til etablering eller utvikling av frisklivssentral.

Vi stadfester med dette å ha lese og godtatt dei vilkåra som er gitt i tilskotsbrev av 22. april 2014
Dato og underskrifta til rådmannen eller den rådmannen har delegert mynde til:

--	--